



Dei siste restane av trelastlageret på Eiklandet vart reve sommaren 2006

Eiklandet Brygge med sine 8 hus tek fort form og vert eit karakteristisk trekk i Uskedalens vindaug mot Storsundet, Geir Rusten har fått fart i prosjektet som vert reist på det ein kan kalla historisk grunn ettersom ein av hjørnesteinsverksemdene våre låg her. Det var Uskedal Trelastlager, som fekk sin endelege plass i Beinavikjo.



EIT KARAKTERISTISK BUSTADKOMPLEKS TEK FORM PÅ HISTORISK GRUNN

Det var Tørris Sveinsen Myklebust (1894/1967) som starta denne livskraftige verksemda og det skjedde i 1929. Han var ein svært dugande sjømann og berre 21 år då han avla styrmannseksamen. Han berga i 1927 ein annan norsk båt ved Falklandsøyane. Heime i Uskedalen hadde han kona Margit (frå Skånevik) og tvillingane Karen og Elise og ikkje minst omsynet til desse 3 fekk han til å gå i land og verta trelasthandlar. Ingen dreiv i denne bransjen her og den næraste konkurrenten var i Herøysund.

På Eikelandet kjøpte Tørris nokre gamle sjøbuer som han bygde på etter kvart. Startkapitalen var bergingslønna frå Falklandsøyane og ein slant på bok etter åra til sjøs. Han hadde ikkje mykje å hjelpa seg med i starten, ikkje så mykje som ei trillebår. Han hadde heller ikkje så store staben og tok inn folk etter behov. Tørris hadde også eit tilbakefall då han bygde båten Solfjell.

Sonen Torolf tok over firmaet etter Tørris og UT berga seg gjennom tronge tider på grunn av SØRALsatsinga. Det gjorde det også godt med ferdighus. I 1971 vart nybygget i Beinavikjo reist etter at tomta var kjøpt av den siste sjefen for den nedbrente hermetikkfabrikken. Uskedalen Eigedomsutvikling kjøpte det gamle lageret på Eikelandet og reiv det og sommaren 2006 vart dei siste restane av bygningane fjerna.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen